

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/7816-7

Statsbudsjettet 2019 - kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande:

a. Vonens hus	inntil kr. 44 000
b. Wittgensteinhuset	inntil kr. 525 000
c. Koparverkshuset	inntil kr. 160 000
d. Nedre Kvamme	inntil kr. 160 000
e. Arentzbu, hytta	inntil kr. 35 000
f. Ormelid, selet på Nedstestølen	inntil kr. 570 000
g. Kaupanger hovedgård	inntil kr. 10 000
h. Kurs i kalkpussing	inntil kr. 40 000
i. Dendroanalyse	inntil kr. 50 000
Sum fordelte tilskot	inntil kr. 1 594 000

2. Tilbaketrekt tilskot frå 2013 vert fordelt til

a. Loftesnes	inntil kr. 52 700
--------------	-------------------

3. Tilbaketrekt tilskot frå 2014 vert fordelt til

a. Vonens hus	inntil kr. 143 000
---------------	--------------------

4. Tilbaketrekt tilskot frå 2015 vert fordelt til

a. Fladhammer, hovudhuset	inntil kr. 823 000
---------------------------	--------------------

5. Tilbaketrekt tilskot frå 2016 vert fordelt til

a. Vonens hus	inntil kr. 3 000
---------------	------------------

6. Tilbaketrekt tilskot frå 2017 vert fordelt til

a. Ormelid, forvaltningsplan	inntil kr. 45 000
b. Ormelid, øvstestova	inntil kr. 10 000
c. Ormelid, Stabburet	inntil kr. 150 000
d. Hårklau, bu	inntil kr. 200 000
e. Christianelyst , hovudhuset	inntil kr. 25 000
f. Christianelyst, vedhuset	inntil kr. 4 000
g. Christianelyst, fjøs	inntil kr. 6 000
h. Kaupanger hovudgård	inntil kr. 60 000
i. Bispestova	inntil kr. 17 000
Sum fordelt tilskot	inntil kr. 517 000

7. Renteinntekter for 2018 vert fordelt til

a. Ormelid, steinstova	inntil kr. 212 000
b. Parken burettslag	inntil kr. 17 000

8. Fyljande søknadar vert handsama når vi har fått supplerande opplysingar:

a. Svanøy hovedgård, hovudbygningen	
-------------------------------------	--

- b. Hotel Mundal, hotellbygningen
- 9. Fyljande søknadar vert avslått:
 - a. Ormelid, utløa på Nedstestølen
- 10. Attståande midlar vert fordelt i ei seinare sak.
- 11. Førehandsløyvinga for 2020 vert fordelt i ei seinare sak.
- 12. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av tilskot i tildelingsbrevet til den enkelte tilskotsmottakar.

Vedlegg:

1. Brev frå Riksantikvaren av 14. februar 2019
2. Vedlegg til Riksantikvaren sitt brev av 14. februar 2019 Retningslinjer og vilkår for tilskot
3. Vedlegg til Riksantikvaren sitt tildelingsbrev
4. Omtale og vurdering av dei innkomne søknadane

Andre relevante dokument i saka:

1. Søknadar om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 som fylkeskommunen har motteke.
2. Brev av 15. januar 2019 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Riksantikvaren med søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71
3. Rundskriv T 1/18

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune søkte Riksantikvaren om eit tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap på kr. 5 835 000. Fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren var basert på innkomne søknadar frå private eigarar av freda bygningar og anlegg i fylket. I brev av 14. februar 2019 gjorde Riksantikvaren fyljande vedtak:

Vedtak 1 om tildeling

Riksantikvaren gir med dette en tildeling på kr 4 500 000,- fra post 71 fredete bygninger og anlegg i privat eie, kulturmiljø og kulturlandskap.

Vedtak 2 om tildeling

Riksantikvaren gir med dette et tilsagn for 2020 på kr 2 000 000,- fra post 71 fredete bygninger og anlegg i privat eie, kulturmiljø og kulturlandskap.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2019 fått tildelt 4,5 mill. kroner i tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fordeling blant dei innkomne søknadane. Desse midlane kjem i tillegg til 3,0 mill. kroner som fylkeskommunen fekk i førehandsløyving for 2019 i samband med tildeling av tilskot frå post 71 i 2018. I 2018 har det blitt gjort to fordelingar av tilskot frå førehandsløyvinga for 2019, med ein samla fordeling på kr. 2 235 000. Det er gjort tildeling av tilskot frå førehandsløyvinga til fyljande prosjekt:

I HNK-sak 52/18:

- Bensentunet, stavløa inntil kr. 680 000
- Otternes, stabbur i Thomasgarden inntil kr. 200 000
- Vonens hus inntil kr. 90 000
- Askelund, hovudhuset inntil kr. 200 000
- Ormelid, selet på Nedstestølen inntil kr. 85 000

I HNK-sak 62/18:

- Utbetring og sikring av tilkomst til Wittgensteinhuset inntil kr. 100 000
- Sorenkrivargarden Loftesnes inntil kr. 110 000
- Ormelid – vedhuset inntil kr. 530 000
- Restaureringsleiar for freda bygningar inntil kr. 240 000

Det står no att kr. 765 000 av førehandsløyvinga som skal fordelast til nye prosjekt.

Vidare har fylkeskommunen trekt tilbake fyljande tilskot som er løyvd tidlegare og som ikkje har blitt brukt innan fristen:

- 2013 post 72.2.1 tilskot gitt i samband med grunnlovsjubileet 52 700 (kan kun tildelast freda bygg knytt til eidsvollsmenn i Sogn og Fjordane)
- 2014 kr. 143 000
- 2015 kr. 823 800
- 2016 kr. 3 000
- 2017 kr. 517 000

Sum tilbaketrekte midlar kr. 1 539 500.

Då fylkeskommunen har hatt store summar tilskot ståande på konto i påvente av at ein kan utbetale dei til tilskotsmottakar, har fylkeskommunen fått renteinntekter på desse midlane. Renteinntektene skal fordelast til nye prosjekt i fylket. For 2018 har fylkeskommunen hatt kr. 229 680 i renteinntekter.

Dette gjer at den totale summen til fordeling mellom eigarar av freda bygningar i privat eige for 2019 er kr. 7 134 180. Når det i forslag til vedtak er presisert kvar midlane er henta frå, er dette fordi fylkeskommunen må rapportere på dette. Dersom hovudutvalet gjer vedtak som tilrådd vil fylkeskommunen ha fordelt alle dei gamle tilskota og renteinntektene til nye prosjekt. I tillegg vil det stå att kr. 3 671 000 av tilskot løyvd for 2019 som ikkje er fordelt. Denne summen er noko mindre enn søknadane frå Svanøy hovedgård og Hotel Mundal som fylkesdirektøren føreslår vert handsama i eit seinare møte, jf. forslag til vedtak pkt. 8.

I si grunngjeving for tilskotet for 2019 syner Riksantikvaren til at hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminner og kulturmiljø, og ta vare på kulturminne som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlane frå post 71 er relatert til nasjonalt mål om at freda bygningar, anlegg og fartøy i privat eige skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Hovudkriteriet for tildelinga av tilskotsmidlar er tal freda bygningar og anlegg i privat eige i dei enkelte fylka. I tillegg har Riksantikvaren lagt vekt på fyljande:

- Søknadssum frå private eigarar/tal kvalifiserte søknadar
- Tilskotsmidlar på konto pr. 31. desember 2018
- Tal freda bygningar med forbetra tilstandsgrad
- Fordeling av tilstandsgrad
- Mangelfull eller manglande rapportering
- Oppdatert tilstandsgrad på freda bygningar

3. Målgruppe og nasjonale mål

Kvart år kan private eigarar av freda og fredingsverdige kulturminne søkje om statleg tilskot til vern og sikring gjennom Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for freda bygningar i privat eige. Riksantikvaren sine tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til bygningar innanfor «Bevaringsprogrammet for fredete bygninger i privat eie». Dei private eigarane av freda bygningar søkjer fylkeskommunen om tilskot, fylkeskommunen sender så ein felles søknad til Riksantikvaren om tilskot til fylket. Basert på denne søknaden og Riksantikvaren sine kriterier for

tildelinga av tilskot får fylkeskommunen tildelt ein sum som skal vidarefordelast. Måla for tilskotsordninga er at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar og anlegg, kulturmiljø og kulturlandskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under handsaming. Kulturminna må vere heilt eller delevis i privat eige. Tilskotet skal dekke meirutgifter, heilt eller delevis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø som er i samsvar med fredingsføremålet.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne som er typisk for liv og verksemd langs kysten.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til Noreg sine åtte freda kulturmiljø, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar. Sogn og Fjordane fylke har per i dag ingen freda kulturmiljø.

Dei to største utfordringane for å nå målet om ordinært vedlikehaldsnivå på freda bygningar i privat eige er tilgang på kvalifiserte handverkarar og tilstrekkeleg økonomisk støtte til å gjennomføre restaureringane på eit høgt kvalitativt nivå. Tildelinga av tilskot frå post 71 vil bidra til å nå målet om ordinært vedlikehaldsnivå på dei freda bygningane. Ei anna utfordring i fleire nødvendige prosjekt har vore, og er, eigar si evne/vilje til å ta sin del av kostnadane ved istandsetjing av eigne bygningar.

4. Generelle føresetnadar

Rundskriv T 1/18 gjev føringar for kva tiltak som kan få tilskot frå post 71 og kriterier for tildeling av tilskot. Ein kan gje tilskot til fylgjande tiltak:

- Tilskot til heil eller delevis dekking av meirkostnadar i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i tråd med fredingsføremålet. Inventar og interiør som er omfatta av fredinga er også omfatta av ordninga.
- Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.
- I arbeidet med kystkulturen skal det leggjast til rette for at kulturminne og kulturlandskap kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.
- Tilskot til verdifulle kulturmiljø og landskap skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar.
- Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar og handverk, og opplæring og kunnskapsoppbygging er også viktige grunnar for tildeling av tilskot.

I vedlegg til Riksantikvaren sitt tildelingsbrev til fylkeskommunane (vedlegg 3) syner Riksantikvaren til fylgjande kriterier for årets tildeling til fylkeskommunane:

- Tal freda bygningar i fylket
- Søknadssum frå private eigarar/Tal kvalifiserte søknadar
- Tilskotsmidlar på konto pr. 31. desember 2018
- Tal freda bygningar med forbetra tilstandsgrad
- Fordelinga av tilstandsgrad
- Mangelfull eller manglande rapportering
- Oppdatert tilstandsgrad på freda bygningar

Dei gjev her og nokon føringar for fylkeskommunen sin søknadshandsaming der dei har fylgjande overordna kriterier:

- Tilskot til istandsetjing skal gå til private eigarar av freda bygningar, anlegg kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Kulturminne knytt til kystkultur som har nasjonal verdi og høg regional verdi kan også tildelast tilskot sjølv om kulturminnet/kulturmiljøet ikkje er freda. I slike tilfelle skal verneverdien grunnjevast og grunnjevninga skal dokumenterast på saka.

For andre kriterier, prioriteringar og retningslinjer knytt til fordeling av tilskot syner fylkesdirektøren til vedlegg 3.

I brev av 14. februar 2019 presiserer Riksantikvaren at tilskotet som hovudregel ikkje skal overstige 50-70% av samla kostnad. Unntak frå dette må vurderast i lys av kulturminnet sin verdi, eigar sin nytte av bygningen og om det føreligg eit urimeleg stort vedlikehaldsansvar. Dette må vurderast og dokumenterast i den enkelte sak.

4.1 Dendrokronologiske analyser (årringsdateringar)

Fylkeskommunen har frå 2017 moglegheit til å bruke ein mindre del av tilskotet frå post 71 til dendrokronologiske analyser. Fylkeskommunen har nytta ein mindre sum til dette i 2017 og 2018 og ynskjer å vidareføre dette i 2019.

4.2 Tilstandsregistrering av dei freda bygningane

Dei fleste freda bygningane i fylket er tilstandsregistrert og fylkeskommunen nyttar dette i samband med fordeling av tilskot. Ein stor del av dei freda bygningane vart tilstandsregistrert i 2007, men frå 2018 har alle tilstandsregistreringane som er 10 år og eldre blitt sett til ukjend tilstandsgrad (TG9). Dette gjer at vi i Sogn og Fjordane har eit stort tal freda bygningar som har ukjend tilstandsgrad. Fylkeskommunen har prioritert å oppdatere tilstandsgrada på dei bygningane der det ikkje har vore registrert tilstandsgrad og dei bygningane der eigar planlegg tiltak og der tiltak er gjennomført. I 2019 vil fylkeskommunen fortsetje denne prioriteringa av tilstandsregistreringar, samstundes vil vi oppdatere dei eldre tilstandsregistreringa i den grad vi har kapasitet til dette.

4.3 Tilbaketrekking av tilskot

Hausten 2018 gjennomførte Riksantikvaren tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune si handsaming av tilskot frå post 71. Pr i dag har vi ikkje motteke tilsynsrapporten, men ein del av funna har blitt formidla oss i møte og i referat etter møte der vi gjekk igjennom tilskotshandsaminga. Ei av tilbakemeldingane var at vi må vere raskare med å trekkje tilbake tilskot når tilskotsmottakar ikkje har gjennomført tiltaket innan fristen. Dersom det er sannsynleg at tiltaket vert gjennomført kan vi tildele tilskot på nytt. Fylkeskommunen har fylgt opp dette og ei rekkje eldre tilskot har blitt trekt tilbake. Resultatet av dette er at vi no har ein del eldre midlar som skal fordelast på nytt. Nokre av mottakarane har søkt om tilskotet på nytt, medan andre prosjekt ikkje vert gjennomført no, og tilskotet kan fordelast til nye prosjekt.

4.4 Status på oppstarta store istandsetjingsprosjekt i Sogn og Fjordane

Ormelid i Luster kommune

På garden Ormelid er det løyvd tilskot til fleire prosjekt. I 2018 har stiftinga hatt god framdrift, og istandsetjinga av Øvstestova og stabburet er nærast ferdig. Arbeidet med forvaltningsplanen er og starta opp og desse tre prosjekta vil etter planen bli ferdigstilt i 2019. Då tilskota til desse prosjekta vart løyvd i 2017 og ein ikkje er ferdig, har dei søkt om nytt tilskot i 2019 for ferdigstilling av desse prosjekta.

Masstova på Lien (Olsbø) i Hornindal kommune

Arbeidet på masstova er ferdigstilt og bygningen er no i god stand. Både tømmer-konstruksjonen, taket og grua vart sett i stand i dette prosjektet og arbeidet vart godt gjennomført.

Hotel Mundal

Arbeidet på taket er ikkje kome i gang. Hotellet fekk ny eigar i januar 2019 og han har noko andre planar enn førre eigar. Fylkeskommunen er i dialog med ny eigar og hans planar er at arbeidet på taket skal starte opp i år.

Bensentunet i Jølster kommune

Arbeidet med istandsetjinga av fjøsen i Bensentunet vart gjennomført etter planen og bygningen er no ferdig istandsett. Arbeidet var godt gjennomført og stiftinga gjorde mykje arbeid på dugnad.

Håkonstova på Otternes i Aurland kommune

Arbeidet med istandsetjinga av Håkonstova er godt i gang. Dessverre viste det seg at skadeomfanget var vesentleg større enn forventa og som ei følgje av dette har kostnadane ved prosjektet auka. Stiftinga har fått noko ekstra midlar, men det er behov for ytterlegare tilskot til dette prosjektet for at det skal bli ferdigstilt. Stiftinga arbeider med å få på plass anna finansiering, men fylkesdirektøren forventar at det vil bli behov for ytterlegare løyvingar frå post 71 til dette prosjektet. For 2019 har vi ikkje motteke nokon søknadar om ytterlegare tilskot til Otternes, men det er forventa at det kjem ein ny søknad i løpet av våren.

Wittgenstein sitt hus i Skjolden i Luster kommune

Arbeidet med å tilbakeføre Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden har i hovudsak gått etter planen. Huset er ført opp att på sin opphavlege stad og når tømmerkassa har sett seg vil ein kunne setje inn vindauga og dører. Det er planlagt at huset skal vere ferdig i løpet av våren 2019. Stiftinga har hatt problem med at kostnadane med tilbakeføringa av huset har blitt noko større enn forventa og dei søker difor om eit ekstra tilskot til ferdigstilling av huset.

Heimdalstrand i Balestrand kommune

Istandsetjingsarbeidet på Heimdalstrand nærmar seg ferdigstilling. I 2018 vart hovudtrappa på fasaden mot fjorden ført opp att og arbeidet med konservering og oppattmåling av den utvendige dekoren vart starta opp. Dette arbeidet skal ferdigstillast i løpet av våren 2019. Stabburet er sett istand og der manglar det berre oppattbygging av utvendig trapp. Dette vert også ferdigstilt i løpet av våren 2019.

4.5 Bygningar det er føreslått å løyve tilskot til sjølv om dei ikkje er freda

I framlegget til vedtak om tildeling av tilskot er det to bygningar som ikkje er omfatta av eit fredingsvedtak og der det ikkje er starta opp fredingssak. Tilskot frå post 71 skal som hovudsak gå til bygningar som er freda i medhald av lov om kulturminne § 15 eller der det er starta opp fredingssak. Felles for dei bygningane som det er førelått å løyve tilskot til sjølv om dei ikkje er freda, er at dei alle er kulturminne av nasjonal eller høg regional interesse.

Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, Luster kommune

Den verdskjende austerriske filosofen Ludwig Wittgenstein kom til Skjolden i 1913 for å finne ro til arbeidet sitt. Dette opphaldet varte til sommaren 1914 då ha for heim på sommarferie. I den tida han var i Skjolden arbeide han på verket «Tractatus Logico-Philosophicus» som vart hans første hovudverk innan filosofien. Utbrotet av første verdskrig og påfyljande krigsfangenskap førte til at han ikkje kom tilbake til Skjolden før i 1921.

I 1914 fekk han bygd seg eit lite hus ved Eidsvatnet. Dette vart ferdigstilt medan Wittgenstein var vekke og først i 1921 var han tilbake i Skjolden og kunne ta huset i bruk. Innan den tida hadde han gitt huset til venen Arne Bolstad. Sjølv om han hadde gitt vekk huset, brukte han det når han seinare kom tilbake til Skjolden. Det lengste opphaldet han hadde i Skjolden var i 1935-37 då han var der i ca. 15 månadar. I denne tida arbeide han på verke «Filosofiske undersøkelser», som vart hans andre hovudverk innan filosofien.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden arbeider med å tilbakeføre huset på sin opphavlege plass, sjå punkt 4.4 for status. Sogn og Fjordane fylkeskommune har dialog med stiftinga og Riksantikvaren om oppstart av fredingssak for Wittgenstein sitt hus. Riksantikvaren har vurdert eigeidomen til å vere av både nasjonal og internasjonalt interesse. Fylkeskommunen vurderer oppstart av fredingssak sommaren 2019.

Selet på Nedstestølen på Ormelid

Fredinga av garden Ormelid omfattar ei stor områdefreding, føremålet med denne er å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet og beskytte vitskapelege interesser som knyter seg til det. For høgdegardane i Sogn var den vertikale driftsstrukturen avgjerande for livberginga og formålet med områdefredinga er å sikre at denne samanhengen også i framtida vert lesbar. Dette skal sikrast gjennom å oppretthalde anlegget sin karakter med bygningar, tufter/ruinar, bakkemurar og steingardar, samt sikre samspelet mellom tunet, innmarka og utmarka med to stølsområde slik det var på fredingstidspunktet. Bygningane på Nedstestølen var på fredingstidspunktet i ein svært dårleg tilstand og dei fleste er ruinar. Av den grunn vart ingen av dei freda i medhald av kulturminnelova sin § 15. Selet som det no er søkt om tilskot til er den av bygningane som var

minst skada. I HNK-sak 52/18 vart det løyvd inntil kr. 85 000,- til merking og demontering av selet. Dette er gjennomført og søknaden i år omhandlar reparasjon og oppattføring av selet.

4.6 Midlar for 2019 som ikkje er fordelt

Etter denne tildelinga er det framleis ein stor sum av tilskotet for 2019 som ikkje er fordelt. Grunnen til dette er at fylkesdirektøren no har prioritert å få brukt opp eldre tilskot som har blitt trekt tilbake og fordelt desse mellom dei innkomne søknadane. I tillegg har vi ikkje kunna handsame søknad om tilskot til Hotel Mundal i denne saka. Bakgrunnen for at fylkesdirektøren ynskjer å handsame søknaden til Hotel Mundal i ei seinare sak er at hotellet skifta eigar i januar 2019. Den nye eigaren har noko andre planar enn den førre og fylkeskommunen er i dialog med ny eigar som vil sende inn ein revidert søknad om tilskot for 2019. Fylkesdirektøren reknar med at det vil vere behov for betydelege tilskot til arbeidet med istandsetjinga av taket på Hotel Mundal, og har difor valt at ein stor del av tilskotet løyvd for 2019 ikkje vert fordelt i denne saka. Fylkesdirektøren har som mål at det kjem ei ny sak i neste møte som omhandlar søknad om tilskot til Hotel Mundal.

På Svanøy hovedgård har det i fleire år blitt arbeidd med å setje vindauga i stand. Eigar har søkt om tilskot til vidareføring av dette arbeidet i 2019. Fylkesdirektøren er i utgangspunktet positiv til å tildele meir tilskot til istandsetjing av vindauga på Svanøy hovedgård. Dessverre var søknaden mangelfull og fylkeskommunen har bedt om ytterlegare opplysingar. Desse har ikkje blitt sendt oss, og fylkesdirektøren tilrår difor at også søknaden om tilskot til Svanøy hovedgård vert handsama i eit seinare møte.

Vidare er erfaringa med istandsetjingsprosjekta at ein ofte finn uførutstette skadar, noko som fordyrar prosjekta i ulik grad. Fylkesdirektøren ser at det er eit visst potensial for dette med fleire av prosjekta som det er foreslått å tildele tilskot til og ynskjer difor å ha moglegheita til å tildele ytterlegare tilskot dersom det skulle behov for dette. Dersom ein slik situasjon ikkje oppstår vil fylkesdirektøren gå i gjennom dei innkomne søknadane på nytt. Fylkesdirektøren foreslår difor å fordele resten av tilskotet frå post 71 for 2019 i eit seinare møte.

4.7 Restaureringsleiar

Fylkeskommunen har i fleire år, i forståing med Riksantikvaren, nytta ein del av tilskotsmidlane til å delfinansiere stillinga restaureringsleiar for freda bygg. Det var i 2019 søkt Riksantikvaren om å fortsetje med å nytte ein del av tilskotsmidla til denne stillinga. I tildelingsbrevet frå Riksantikvaren for 2019 vart det presisert at vi ikkje kunne nytte tilskotsmidlane til lønn. Av den grunn foreslår fylkesdirektøren at vi ikkje nyttar noko av tilskotet til delfinansiering av denne stillinga. Dette gir oss nye utfordringar inn mot fylkeskommunen sitt lønsbudsjett, og dette må finne si løysing på andre måtar.

5. Førehandstildeling for 2019

Føremålet med førehandstildelinga er å gje eigar av dei freda bygga som har store prosjekt føreseielege rammer for å kunne lette planlegginga av istandsetjinga. Førehandsløyvinga for 2020 er på 2,0 mill. kroner. Fylkesdirektøren ynskjer å vente med fordelinga av desse midlane til vi ser korleis dei store istandsetjingsprosjekta utviklar seg. Fordeling av tilskot frå førehandsløyvinga for 2020 vil bli handsama i ei eiga sak i løpet av hausten 2019.

6. Vurdering av innkomne søknadar

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk inn 22 søknadar om tilskot frå post 71 til ulike istandsetjingsprosjekt i fylket. Nokon av søknadane omhandlar meir enn eitt prosjekt. I samband med vurdering og prioritering av søknadane har fylkesdirektøren vurdert dei opp mot krava i Rundskriv T 1/18, Riksantikvaren sine vilkår i deira tildelingsbrev til fylkeskommunen samt fylgjande kriterier:

- Prosjekt som allereie er oppstarta og der fylkeskommunen er involvert.
- Prosjekt som er oppstarta, men der ein har trekt tilbake tilskot då dei ikkje er ferdige innan fristen men der arbeidet skal vidareførast i 2019.
- Dekking av meirkostnadar som følgje av vilkår sett i dispensasjonar frå fredingsvedtaket.

- Bygningar og anlegg som har TG2 og TG3.

Mange av dei prosjekta fylkesdirektøren føreslår å løyve tilskot til er prosjekt som allereie er starta opp og der fylkeskommunen tidlegare har løyvd tilskot. Fylkesdirektøren ynskjer at desse prosjekta også får støtte i 2019 slik at istandsetjinga kan halde fram.

I nokon vedtak om dispensasjon frå fredingsvedtak vert det sett vilkår for dispensasjonen som fordyrar prosjektet. Eigar har her krav på å få denne meirkostnaden dekt heilt eller delevis jf. Lov om kulturminne § 15a. Vanlegvis oppstår dette som følge av istandsetjingsarbeid på dei freda bygningane, noko som er tilfelle med ei fleste av dei prosjekta fylkesdirektøren føreslår at det vert løyvd tilskot til. Fylkeskommunen har gitt dei nødvendige dispensasjonane frå fredingsvedtak til dei prosjekta det er føreslått å løyve tilskot til.

For omtale og vurdering av dei enkelte prosjekta sjå vedlegg 4.

6.1 Prosjekt det er føreslått å ikkje løyve tilskot til

Av dei innkomne søknadane er det eit prosjekt fylkesdirektøren har føreslått å ikkje løyve tilskot til. Dette er oppattføring av utløe på Nedstestølen (Ormelid). Dette er ein bygning som ikkje er freda, og som vart demontert i 2009. Det er usikkert kor mykje av materialen som kan nyttast om att og i kva grad det vert ei remontering eller om det i hovudsak vert ein kopi. I tillegg har stiftinga svært mange prosjekt som allereie er i gang og fylkesdirektøren vurderer at det er viktig å ferdigstille desse før ein startar opp nye istandsetjingsprosjekt.

7. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for næring og kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegg.